

Aktivitetsdag til toppkarakter!

10.06.2017



Folket kosa seg i det strålande veret.

Damevennene har igjen arrangert ein Aktivitetsdag til toppkarakter i båthamna. Vergudane hadde vore skikkeleg brutale om dei ikkje hadde vore med på laget når arrangørane hadde lagt alt til rette for at det skulle verta ein famliliedag med stor F. I finveret storkosa alle seg, og då eg gjekk heim ein halvtime etter arrangementsslutt, sat framleis mange og nytte det gode liv i båthamnsområdet.



Skulemusikken opna programmet med sjørøarmusikk dirigert av Tor Skeie Olsen.

Ein av Damevennene sine suksessnøklar er at dei legg opp til ein dag med mange kjekke aktivitetar, men dei er veldig bevisst på at det skal vera rimeleg for familiarar å gå der. Ingen føler stort pengepress, og det er med og fører til ein avslappa, koseleg og god stemning. Dermed kan også borna vera med på mange ting, dei kan vera med på det dei ønskjer og ha det kjekt heile tida.

Innimellan aktivitetane var det underhaldning frå scenen med lokale aktørar som var veldig flinke.

Skulemusikken opna det heile med sjørøarmusikk og viste nok ein gong at dei spelar svært godt for tida. Etter skulemusikken opptrødde 4 av aspirantane, og dei kom kjempefott frå debuten!!



Ronya Lakslev har ei nydeleg stemme

Ronya Lakslev har imponert oss mange gonger før. Det gjorde ho også i dag frå ho opna med Lynn Anderson sin uslitelege Rose Garden og når ho fulgte opp med country- og rockeprega songar. Ei flott stemme har også Nanna Sofie Fredheim som framførte ei fin avdeling til gitarakkompagnement av far Atle Fredheim. Begge desse flinke jentene håpar eg å høyra mange gonger framover.

Det var også eit historisk innslag frå scenen i båthamna i dag. For første gong opptrødde eit strykeorkester i båthamnsområdet. Skikkeleg stilig var det då fiolin- og cellotonane frå Strykeorkester 2 i kulturskulen tona ut over hamneområdet.

Innimellan dei flotte musikkinslaga var det premieutdeling frå terrengløpskarusellen ved representantar frå dei ulike arrangørlaga.

I tillegg til alt som skjedde på bålagsplenen, var det kanopadling, turar med Tøffe Toget og turar med Mob-båt. På Sandakaien var brantroppen oppstilt med brannbilar og utstyr så der kunne ein få prøva seg som brannmenn. Der kom også piratane i land(Eiga sak kjem). Og det heile vart avslutta med ein relativt klar vinnar i Andaløpet på Uskedalselva.

Servering var det også flust med. Frå grillen vanka det laks, hamburger, kotelettar og pølser. Det var melkekaker, varme lappar og andre kaker. Og for dei som ønskte sukkerspinn, popcorn og is var det salg av det også.

Det mangla ingen ting! Alle kunne kosa seg, og det gjorde dei! Arrangementet vart gjennomført på beste måte leia av den dyktige speakeren Michael Røssland som hadde full oversikt!



Ei historisk og stemningsfull hending då strykeorkester spela for første gong i båthamna. Strykeorkester 2 i kulturskulen.



Nanna Sofie Fredheim hadde ei flott songavdeling akkompagnert av Atle Fredheim på gitar.



Nokre av aspirantane til skulemusikken hadde ein flott debut!



Amund, Petter og Sondre var blant dei som fekk premie etter terrengløpskarusellen.



Linda Jensen viste seg som ein kunstnar i ansiktsmåling.



Kjekt med kanopadling.



Lykkehjul er alltid spennande!



Mob-båt klar til tur, og dei første klar til å gå ombord.



Turane med mob-båten var populære.



Annemor Rød og Hanna Kjærland selde sandekker med flotte mineralsteinar.



Spennande med sandvasking etter mineralsteinar.



Tøffe toget var populært, og togførar Ingvill Myklebust måtte ta mange turar. Karoline, Sunniva og Martine var billettørar og hjelparar, og Trond Olsen hadde lånt ut traktor.



Ma Christine lagar sukkerspinn.



Det var kaker i lange banar.



Grillgjengen fekk toppkarakter.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.